



Tokke kommune

# KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL

2016 - 2028

Vedteken i kommunestyret i Tokke  
14.06.2016, sak 16/24



FOTO: LUKE TENNANT



# Innheld

1.	INNLEIING .....	2
2.	KOMMUNEPLANARBEIDET.....	3
2.1	KOMMUNEPLANENS OPPBYGGING .....	3
2.2	OVERORDNA RAMMER .....	4
2.3	PROSESS OG MEDVERKNAD .....	5
3.	KOR ER ME? UTVIKLINGSTREKK OG UTFORDRINGAR .....	6
3.1	FOLKETAL OG BUSETNAD .....	6
3.2	NÆRINGSUTVIKLING.....	7
3.3	TRIVSEL OG FELLESSKAP .....	8
3.4	SAMFUNNSTRYGGLEIK OG BEREDSKAP .....	9
4.	OVERORDNA VISJON OG MÅL.....	10
4.1	VISJON FOR TOKKE KOMMUNE.....	10
4.2	HOVUDMÅL FOR TOKKE KOMMUNE.....	10
5.	DELMÅL OG STRATEGIAR .....	11
5.1	BUSETJING – ATTRAKTIVITET - FOLKETAL .....	11
5.2	ARBEIDSPLASSAR OG NÆRINGSUTVIKLING.....	13
5.3	TRIVSEL OG FELLESSKAP .....	16
5.4	SAMFERDSEL, INFRASTRUKTUR.....	18
6.	SAMFUNNSTRYGGLEIK OG BEREDSKAP .....	19
7.	TOKKE KOMMUNE SOM ARBEIDSGJEVAR.....	20
8.	REGIONALT OG INTERKOMMUNALT SAMARBEID .....	21

# 1. INNLEIING

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna styringsdokument og inneheld to delar: Samfunnsdelen og arealdelen. I kommunen sin planstrategi er det vedteke at samfunnsdelen skal reviderast. Samfunnsdelen skal trekke opp dei langsigtige måla for kommunen, gjerne med ein visjon i botn. Planen skal med bakgrunn i dei overordna måla, leggje strategiar og føringar for utvikling av kommunen komande år.

Arealdelen av kommuneplanen er ein juridisk bindande plan for arealdisponeringa i heile kommunen. Arealdelen er ikkje omfatta av dette planarbeidet med samfunnsdelen, men skal ved komande rullering byggje på dei satsingsområda som kommuneplanen sin samfunnsdel set.

Planen prøvar å lyfte fram dei viktigaste utfordringane Tokke kommune står ovanfor; Folketalsutvikling, alderssamsetjing, styringsstruktur og økonomi stiller stadig nye og endra krav til Tokkesamfunnet og til utvikling av Vest – Telemark som region. Tokke har store naturressursar, eit aktivt landbruk og reiseliv, eit mangfaldig kulturliv og mange tilrettelagte opplevings-atraksjonar innan kultur og natur. Tokke har fleire store arbeidsplassar for regionen, viktige kompetanseverksemder innan kraft, levande grender med flotte buplassar og kulturlandskap, med eit hyggeleg og konsentrert kommunesenter på Dalen.

Friviljuge lag og organisasjonar i Tokke står for ein stor del av det samla tilboda som innbyggjarane i Tokke kan glede seg over.




FOTO: LUKE TENNANT

## 2. KOMMUNEPLANARBEIDET

### 2.1 KOMMUNEPLANENS OPPBYGGING

Samfunnssdelen av kommuneplan er ein del av den overordna, langsiktige delen av kommuneplanen. Behovet for rullering av planen skal vurderast kvart 4. år i samband med revisjon av kommunal planstrategi. Samanhengane mellom overordna samfunnssdel, sektorplanar/ tematiske delplanar og det årlege handlingsprogrammet i budsjettarbeidet, er synt i figur nedanfor:



Figur henta frå Rettleiar MD: Kommunal planstrategi.

Høgre del av figuren syner «årshjulet» med årleg rullering.

## 2.2 OVERORDNA RAMMER

### Planstrategi for Tokke kommune (2013 - 2016), vedteken 12/2 - 13

Planstrategien for Tokke seier at arbeidet med samfunnsdelen skal ta særleg omsyn til *busetjing og næringsutvikling*.

### Planprogram for samfunnsdelen i Tokke, vedteken 4/3 – 14

Planprogrammet gjev ei oversikt over overordna føringer for arbeidet med samfunnsdelen, nasjonale, regionale og lokale. Vidare gjer planprogrammet greie for status og hovudutfordringar for utviklinga av Tokke – samfunnet, og peikar ut følgjande hovudsatsingsområde:

- Folketalsutvikling, busetjing og attraktivitet
- Næringsutvikling og sysselsetjing
- Folkehelse, kultur og fritid
- Samferdsel

### Statlege og fylkeskommunale føringer

- Nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging (KMD, 2015)
- Regionale planar for landbruk, reiseliv og for nyskapning/ næringsutvikling (2011): <http://www.telemark.no/Planer/Regionale-planer>
- Regional plan for samordna areal- og transport for Telemark (ATP) 2015-2025
- Regional folkehelsestrategi for folkehelse i Telemark 2012 – 2016
- Regional plan for oppvekst og kompetanse for Telemark 2016 – 2020



FOTO: LUKE TENNANT

## 2.3 PROSESS OG MEDVERKNAD

Vedteke planprogram gjer greie for planprosess og medverknad i planarbeidet. Planarbeidet vart varsle saman med høyring av planprogram i desember 2013. Det kom innspel frå Fylkesmannen i Telemark, Telemark Fylkeskommune og Valle kommune.

Det har vore viktig å få ei brei medverknad undervegs i planarbeidet. I starten av 2014 utførte me ei innbyggjarundersøking som er ein del av KS «Betre kommune» med ein svarprosent på 30 %. Dette er lågt, men tala gjev oss likevel ein viss peikepinn på kva innbyggjarane meiner om ulike område.

### «Funn» i brukarundersøkinga i Tokke kommune våren 2014

- Utviklinga av kommunesenter og andre tettstader: Langt under landssnittet.
- Kultur- og idrettstilbod: Over/ på landssnittet.
- Andre fritidstilbod: Under landssnittet.
- Butikktilbod, bank, post, kafè, servicetilbod: Langt under landssnittet.
- Høve til å etablere eiga verksemد: Langt under landsgjennomsnittet.
- Ryddigkeit og reinhald offentlege stader: Langt over landssnittet.
- Høve til å kjøpe leilegheit/ rekkjehus/ bustad: Langt under landssnittet.
- Høve til å kjøpe tomt: Ligg på landssnittet.
- Tilfredsheit med å bu i Tokke: På landsnittet når det gjeld områdenivå/ grend, noko under på kommunenivå.
- Tilfredsheit med service-/ informasjon, høve til påverknad og oppfølging frå kommunen: Under landssnittet.
- Tilrettelegging fotgjengarar og mjuke trafikkantar: Over landssnittet.
- Drikkevasskvalitet, friluftsliv, avfallshandtering, luftkvalitet, støy: Kjem godt ut på alle områda.
- Kollektivtilbod og vegstandard: Langt under landssnittet.
- Levekår for eldre: Over landssnittet.
- Tilfredsheit omsorgsteneste og legesteneste. Høgt over landssnittet
- Tilfredsheit grunnskulen: På landsnittet. Noko under landssnittet for barnehage.

### Faktagrunnlag og statistikk

Undervegs i arbeidet har me samla saman utviklingstrekk og kartlagt utfordringar, m.a. ved hjelp av Telemarksforsking. Statistikk som er nytta til planarbeidet er samla i ein vedleggsdel, og rapportar som er henta opplysningar frå går fram her.

### Gruppearbeid, prosessrettleiing

Gruppearbeid var i all hovudsak lagt opp slik som planprogrammet gjer greie for, og gjennomført sommar og haust 2014. I samband med gruppearbeidet vart Telemarksforsking (TF) v/ Lars Kobro leig inn som prosessleiar og føredragshaldar på tre innleiande samlingar. Arbeidsgruppene var breitt representert og besto av representantar frå lag- og foreiningar, næringsliv, brukargrupper, politikarar og administrasjon. Referat frå gruppearbeidet er samla i ein eigen vedleggsdel.

### 3. KOR ER ME? UTVIKLINGSTREKK OG UTFORDRINGAR

#### 3.1 FOLKETAL OG BUSETNAD

Tokke kommune har hatt ei jamn og stor nedgang i folketalet dei siste 15 åra. Med ei befolkning på litt over 2200, så er det eit sterkt ynskje om å få stabilisere og helst auke innbyggjartalet. Dette vil vere avgjerande mellom anna for å halde gode, kommunal og private tenestar i åra som kjem. Negativ folketalsutvikling har direkte verknad for kommuneøkonomien gjennom mindre rammeoverføringer frå staten.

TABELL: Folkemengd 1. januar og endringar i kalenderåret

År	Folkemengd	Fødte	Døde	Fødselsoverskot	Innflyttingar	Utflyttingar
2000	2506	28	40	-12	91	98
2001	2487	29	44	-15	117	92
2002	2497	17	35	-18	74	97
2003	2454	25	23	2	94	86
2004	2465	24	27	-3	83	83
2005	2463	20	41	-21	69	94
2006	2417	28	35	-7	93	83
2007	2414	20	38	-18	75	105
2008	2366	21	35	-14	86	76
2009	2363	21	24	-3	85	108
2010	2337	25	25	0	76	97
2011	2316	19	38	-19	85	96
2012	2287	17	34	-17	84	70
2013	2284	20	42	-22	84	89
2014	2257	12	27	-15	85	75

Kjelde: SSB

Tokke kommune har større nedgang i folketalet enn det arbeidsplassvekst og strukturelle forhold tilseier, noko som visar at Tokke kommune kjem därleg ut på bustadattraktivitet (*Kjelde: Telemarksforsking*). Tokke kommune bør difor satse sterkare på å bli ein meir attraktiv kommune å busetje seg i.

Busetjinga i Tokke er bygd opp kring bygdelag og grender; Austheii, Åmdals Verk, Byrte, Mo, Skafså, Eidsborg, Høydalsmo, Lårdal og kommunesenteret i tettstaden Dalen. Busetjingsstrukturen handlar ikkje bare om politikk, men òg om den einskilde sitt ynskje om å bu og leve. Tokke kommune skal være ein stad for alle og kvar enkelt stad har sine kvalitetar.


Arbeid med styrking av omdøme og attraktivitet i Tokke kommune er eit satsingsområde som bør prioriteras i planperioden.

## 3.2 NÆRINGSUTVIKLING

Store verksemder innan kraft og kompetanse, saman med tradisjonell industri, landbruk, reiseliv og anleggverksemder, utgjer største delen av næringslivet i Tokke kommune. Grendene i kommunen ha ei særleg viktig rolle i høve til å styrke tradisjonelt landbruk, sikre busetjing og drift på gardar og for å sjå potensiale for nye næringar innan landbruket. Landbruket pregar vidare Tokkesamfunnet i form av kulturlandskap og busetjingsmønster.

Tokke hadde 1062 utbygde hytter i 2010, med størst konsentrasjon på Skafsåheia/Hallbjønnsekken. Store byggjeområde i arealdelen legg grunnlaget for vidare utbyggingar i desse områda.

Utviklinga av arbeidsplassar har dei siste 12 åra hatt ein svak nedgang i Tokke. Det er særleg dei statlege arbeidsplassane (post, politi og t.d. NAV) som utgjer nedgangen. Basisnæringane (industri, landbruk, m.m.) har halde seg stabilt, medan besøksnæringa har hatt ei positiv auke i perioden.



Kjelde: Telemarksforskning

Det er viktig for Tokke kommune å kunne bidrage til utvikling av eit framtidsretta næringsliv som kan gje grunnlag for befolkningsvekst og levedyktige lokalsamfunn. Arbeidet som er i gang med etablering av næringshage på Dalen og Byregionprogrammet som Vest – Telemark kommunane deltek i, er viktige utviklingsarenaer for å samhandle om utvikling nye arbeidsplassar, samt å styrke eksisterande verksemder.

God vegkommunikasjon i regionen saman med utbygging av mobilnettet og breibandtenestar er viktig for framtidig næringsutvikling og busetjing i heile regionen.

### **3.3 TRIVSEL OG FELLESSKAP**

Strategisk folkehelsearbeid er eit nytt ansvarsområde for kommunane som skal forankrast i overordna planverk. Vi har eit ansvar for å jobbe målretta med strategiar og tiltak som kan førebyggje sjukdom og uhelse. Det er viktig å leggje til rette for at innbyggjarar kan ta gode og sunne val for framtida, og at dei trivst. Nasjonalt vert det peika på nye utfordringar som er knytt til uhelse: Einsemd og utanforskap har vist seg vere minst like sjukdomsskapande som låg fysisk aktivitet og usunn kost.

Tokke kommune ligg godt an på svært mange område innan folkehelsearbeid. Likevel finns det område med utfordringar som vi kan påverke.

Folkehelsebarometeret for Tokke kommune syner at me har utfordringar med m.a. hjarte og karsjukdomar, samt unge uføre.

Barn og unge er framtidig arbeidskraft og innbyggjarar, og er difor ei viktig gruppe å satse på. Tokke kommune tek dessutan imot flyktninger som skal integrerast i samfunnet best mogeleg med arbeid, i skule/ barnehage og på fritida.

Det er viktig for samfunnsutviklinga at alle tek del i fellesskapet og er med på å byggje Tokkesamfunnet inn i framtida. Tokke kommune har mykje friviljugheit, som gjev gode tilbod m.a. innan idrett og kultur-/ fritidstilbod. Dette kan utviklast ved å legge større vekt på eit inkluderande, integrert samfunn med hovudvekt på sosialt fellesskap.

Folkehelseutfordringar er ikkje bare ei kommunal oppgåve: Innbyggjarane har sjølv eit ansvar for eiga helse og kommunen må difor vere pådrivarar for samarbeid på fleire område, både internt og eksternt, gjennom støtte og aktivt arbeid.

### **3.4 SAMFUNNSTRYGGLEIK OG BEREDSKAP**

Ny lov strammar inn kommunen sin plikt til å sikra samfunnet vårt. Menneskelege hendingar og naturkatastrofar både nasjonalt og internasjonalt visar at me har behov for å laga nye system som skal ivareta tryggleiken lokalt.

Kommunane skal jobbe for å gjere samfunnet mest mogleg robust for påkjenningar. For å redusere risiko og sårbarheit, skal arbeid med førebyggande samfunnstryggleik ivaretakast i all planlegging etter plan og bygningslova. Føremålet er å førebygge tap av liv, helse, miljø og materielle verdiar ved planlegging og utbygging i samfunnet. For Tokkesamfunnet er det særleg viktig å lage gode planar med omsyn til ras og flaum, men me må òg ha planar for å sikre oss mot nyare tids katastrofar av andre slag.



## 4. OVERORDNA VISJON OG MÅL

### 4.1 VISJON FOR TOKKE KOMMUNE

‘Kompetanse, kraft og kultur’

### 4.2 HOVUDMÅL FOR TOKKE KOMMUNE

- *Tokke kommune skal vere ein open, trygg og attraktiv stad i Vest - Telemark for busetjing og næringsetablering.*
- *Kraft, kompetanse, kultur, landbruk og natur er grunnlaget for vekst og utvikling av Tokke.*
- *Tokke kommune skal vere ein inkluderande kommune med universell utforming, ein god tenesteleverandør og truverdig forvaltningsmynde.*

# 5. DELMÅL OG STRATEGIAR

## 5.1 BUSETJING – ATTRAKTIVITET - FOLKETAL

### 5.1.1 Tokke skal utvikle ein posisjon i regionen som styrkar omdømet og gjer oss til ein attraktiv kommune å bu i

*Strategiar/ tiltak:*

- Tokke skal tote å gå føre med nyskapande tankar, profilere kommunen og Vest – Telemark positivt, og vere aktive i store saker i regionen.
- Dalen er eit av fleire viktige sentra i Vest – Telemark som saman skapar attraktivitet i regionen.
- Det som er bra i Vest – Telemark er bra for Tokke!
- Prioritere midlar retta mot tiltak som fremjar aktivitet og gode lokalsamfunn i heile kommunen.
- Utarbeide velkomstpakker for nye innbyggjarar .

### 5.1.2 Utvikle eit sterkt sentrum og gjere bygder og grender attraktive for etableringar, besökande og innbyggjarar

*Strategiar/ tiltak:*

- Jobbe for samhandling mellom næringsaktørane i sentrum, fremje felles profilering av handel og servicenæringa.
- Viktige teneste-/ sentrumsfunksjonar skal takast vare på og styrkast. Der kundegrunnlaget er for lite og det er tenleg, skal en samarbeide med grannane om ei tenestedeling og eit godt tilbod.
- Utvikle dei urbane kvalitetane i sentrum, ta vare på- og vidareutvikle gode møteplassar og estetisk tiltalande omgjevnader.
- Leggje til rette for fortetting av bustader og næringsbygg i sentrum, for å gje effektiv arealbruk og styrke Dalen sentrum som tettstad.
- Areal tilrettelagt for born, aktivitet og leik skal prioriterast innan kulturområdet.
- Utvikle og marknadsføre Dalen som ein kompakt og miljøvenleg tettstad, med gang- og sykkelavstand til viktige samfunnsfunksjonar.
- Sikre universell utforming på alle nybygg, offentlege anlegg og ved renovasjon av eksisterande bygningsmasse.

### **5.1.3 Tokke skal synleggjere og fremje eit mangfald av buformer i heile kommunen**

*Strategiar/ tiltak:*

- Synleggjere ledige bustadtomter på heimesider og ha eit oppdatert og tilgjengeleg informasjonssystem
- Tokke kommune skal ha ein bustadpolitikk som satsar på å få fram nye, attraktive tomter tilpassa nåtida, og dekke eit breitt bustadbehov.
- Grendelag/-kontaktar er ein viktig ressurs som skal nyttast i dialogen med kommunen om aktuelle utleigeobjekt, ledige tomter og aktuelle areal for tomter
- Kommunen skal legge til rette for system som gje oversikt over ledige husvære, gardar og småbruk
- Økonomiske verkemiddel skal prioriterast mot tiltak som fremjar etablering av barnefamiliar, bustadbygging, etablering av utleigeeiningar og busetjing på landbrukseigedomar.



FOTO: LUKE TENNANT

## **5.2 ARBEIDSPLASSAR OG NÆRINGSUTVIKLING**

### **5.2.1 Styrke omdømme til Tokke som næringskommune**

*Strategiar/ tiltak:*

- Positiv profilering av næringslivet i kommunen, i media og på aktuelle arrangement
- Få fram gode, nyskapande prosjekt som gjer oss synlege!
- Lyfte fram eldsjeler, sjå potensiale i nye initiativ og satsingar.
- Knyte kontaktar med utflyttarar/ aktuelle innflyttarar gjennom VT - konferansen/ yrkesmessa.
- Utvikle møteplassar for dialog og samarbeid. Kommunen skal vere synlege i samarbeidsforsa for næringslivet, lokalt og regionalt.
- Nyte potensialet som ligg i etablerte hytter, netthandel og fremje samarbeid knytt til handel, aktivitetar og arrangement.
- Samarbeide med Staten og fylkeskommunen om etablering av nye statleg og fylkeskommunal verksemder.

### **5.2.2 Halde oppe og vidareutvikle satsinga på reiseliv og hytteutbygging**

*Strategiar/ tiltak:*

- Vinterdestinasjonen Hallbjønnsekken og utbyggingsområda for fritidsbusetnad på Skafsåheia er viktige satsingsområde for Tokke. Tiltak som fremjar marknadsføring/ omdømmebygging, auka utbygging og fleire besökande på anlegga, skal prioriterast.
- Telemarkskanalen er hovudsatsingsområde for reiselivet i Tokke sommartid. Verksemder og tiltak knytt til kanalen skal vidareutviklast for å møte nye tider, samstundes som vi skal vidareføre dei gode, etablerte reiselivsprodukta og attraksjonane.
- Tiltak som er med på å auke samarbeid mellom etablerte reiselivsverksemder og småskalaprodusentar/ verksemder i kommunen, skal prioriterast.
- Tokke sin kulturarv og etablerte kulturattraksjonar skal synleggjera i profileringa av kommunen og i arbeidet med utviklinga av reiselivet.

### **5.2.3 Landbruket i Tokke er ei viktig næring som skal ivaretakast og gjevast høve til utvikling**

*Strategi/ tiltak:*

- Styrke kompetansen i landbruket gjennom regionalt samarbeid og styrke ressursar til rådgjeving.
- Vere positive til, og leggje til rette for nye næringar og driftsformer i landbruket.
- Tokke skal vere aktive i arbeidet med å halde oppe kulturlandskapet i heile kommunen, gjennom økonomiske verkemiddel og beitebruk
- Arbeide for å sikre rekruttering og å legge til rette for tilleggsnæringer. Samarbeide med næringa om "startmappe" for nyetablerte i landbruket.
- Leggje til rette for auka busettnad på landbrukseigedomar med støtteordningar og buplikt.



FOTO: TIM KRONBORG

### **5.2.4 Tokke skal satse på unge etablerarar, ta vare på eldsjeler, engasjement og kompetanse**

*Strategiar /tiltak:*

- Vurdere eiga støtteordning under næringstiltak til unge etablerarar.
- Arbeid for skuleungdom; Evaluere dagens ordning og vurdere ny ordning med lønstilskot til verksemder for sommararbeid.
- Auke tilboda/ arrangement på kulturhuset for Gruppa 15 – 20 år.
- Dialog og samarbeid med Vest – Telemark Vidaregåande skule for å gje unge eit best mogleg grunnlag for trivsel og tilhøyre til regionen.
- Kvinnearbeidsplassar skal ha eit særleg fokus i næringsarbeidet.
- Samarbeide med næringsslivet om utvikling av arenaer for å skape grundermiljø – "innovasjonskultur".

## **5.2.5 Etablere og utvikle ein næringshage på Dalen i samarbeid med dei andre næringshagemiljøa i Vest – Telemark**

*Strategiar / tiltak:*

- Styrke og utvikle næringslivet i Tokke, med bakgrunn i etablerte verksemder og kompetansemiljø.
- Fremje attraktive arbeidsmiljø gjennom samlokalisering/ etablering av næringshage, og samarbeid mellom den og næringslivet elles i kommunen og regionen.
- Byggje utvikling og vekst på naturgjevne fordelar og eksisterande næringsliv, samt bidra til ein raus etablerarkultur i V-T regionen.



FOTO: LUKE TENNANT

## **5.2.6 Hovudvegane skal gje grunnlag for vekst og auka tal besökande til Tokke**

*Strategiar/ tiltak:*

- Stimulere til tiltak for å auke stoppeffekten, til dømes rastepllass ved Oftevatn, heilårsovernatting, busstopp og stopplass med containerbytte for tungtransport i Høydalsmo.
- Satse på etablering av verksemder og aktivitet på næringsområda kring sentrum og ved trafikknutepunkt.
- Høydalsmo skal prioritast som trenings- og arrangementsstad for vintersport i regionen.
- Tokke kommune vil nytte potensialet som ligg i gjennomgangstrafikken ved trafikknutepunkt.
- Marknadsføre og synleggjere Fv 38 og Fv 45 som tilførselsvegar til E134.

## 5.3 TRIVSEL OG FELLESSKAP

### 5.3.1 Tokke skal være eit samfunn der innbyggjarane er trygge og kjenner seg velkomne

*Strategiar/ tiltak:*

- Tokke kommune skal arbeide for å ta vare på eit inkluderande kultur- og organisasjonsliv.
- Tokke kommune skal ha målretta og gode fritidstilbod til alle innbyggjarar i alle aldrar og med ulike funksjonsemne.
- Satse på felles møtestader og inkluderande aktivitetar for alle innbyggjarar.
- Tokke kommune skal gjennom aktiv medverknad sikre at innbyggjarar kan vera med å påverke utvikling og tenestetilboda i kommunen.
- Tokke kommune skal jobbe for å auke samhaldet mellom grender og sentrum.



### 5.3.2 Tokke kommune skal leggje til rette for eit sunt liv for alle innbyggjarar

*Strategiar/ tiltak:*

- Tokke kommune skal auke innsatsen av førebyggande arbeid for alle aldrar.
- Tokke kommune skal bidra til aktivitetar som gjer den enkelte i stand til å ta ansvar for eiga helse, gjennom auka læring og mestringstilbod.
- Tokke kommune skal satse på kvardagsrehabilitering i omsorgstenesta.
- Tokke kommune skal leggje til rette for at menneske skal vera mest mogleg sjølvhjelpe, med flest mogleg i arbeid og aktivitet.
- Tokke kommune skal ha tilgjengelege og gode uteområde med universell utforming for å stimulere til fysisk aktivitet.

### **5.3.3 Tokke kommune skal vera ein trygg og god stad å bu, leve og vekse opp i**

*Strategi/Tiltak:*

- Tokkeskulen skal gje eit godt grunnlag for vidare utdanning og deltaking i samfunnet.
- Tokke kommune skal ha som mål å ha ein desentralisert skule- og barnehagestruktur, og oppretthalde full barnehagedekning.
- Barnehagar og skular skal jobbe aktivt med fellesskap og inkludering, og ha nulltoleranse mot mobbing.
- Tokke kommune skal vere tidlig ute med innsats.
- Kommunal planlegging og kommunale tenestar skal medverke til å betre levekår og utjamne levekårsforskjellar.
- Tokke kommune skal gje gode og trygge tenestar til alle innbyggjarar.
- Samarbeid mellom frivillige, kyrkje og livssynssamfunn, skal utviklas for å fremje eit inkluderande samfunn og ein god livssynsdialog.

### **5.3.4 Natur- og kulturverdiane i kommunen skal forvaltast langsiktig med sikte på å ta vare på dei for komande generasjonar**

*Strategi/Tiltak:*

- Vassdraga i kommunen har ein fleirbruksverdi som landskapslement og ressurs for rekreasjon og friluftsliv, biologisk mangfald, vassforsyning og energiproduksjon.
- Tilrettelegging av turvegar/ vandring for menneske med ulik funksjonsemne skal ivaretakast og utviklast i eit langt perspektiv.
- Kulturminne og kulturformidling er ein ressurs som skal nyttast for å auke attraksjonskrafta til Tokke.
- Forvaltning av naturverdiane, som til dømes storaurestamma i Tokkeåi og villreinen i Heiplanområdet, skal byggjast på fagleg dokumentert kunnskap og eit godt samarbeid mellom relevante aktørar og grunneigarar.




FOTO: KAI JOACHIM BRATTESTÅ

## 5.4 SAMFERDSEL, INFRASTRUKTUR


E134 er ein nasjonal hovudveg mellom aust og vest som er særskilt viktig for utvikling av Tokke kommune og Vest – Telemarkregionen i framtida. Fylkesveg 45 er ei regional ferdelsåre frå E134 via kommunenesenteret på Dalen og med vidare samband til Aust – Agder og over Suleskard til Rogaland sommartid. Fylkesveg 38 bind Tokke til fleire av bygdene i kommunen og nabokommunane, noko som gjer den viktig både for næringsliv, for arbeidspendlng og kommunikasjonar lokalt i kommunen.

Godt vedlikehald av fylkesvegane og dei kommunale vegane er viktig både for dei som bur og driv næringsverksemd i distrikta.

### Tokke kommune skal vere aktiv i prosessar knytt til overordna samferdselsspørsmål og fylkeskommunale vegprioriteringar

*Strategiar /tiltak:*

- Tokke kommune skal vere aktive i prosessar og møtestader knytt til samferdselsspørsmål i regionen og på fylkesnivå.
- Tokke kommune skal jobbe for at Fv 45 kjem inn i kategori «strategisk viktig veg» i ATP for Telemark.
- Tokke kommune skal medverke positivt i arbeidet med planane for heilårsveg over Suleskard.
- Tokke kommune støttar fullt opp om arbeidet med E134 som hovudferdselsåre aust – vest.
- Tokke kommune skal bidrage i arbeidet med å betre mobil- og breibanddekning i heile kommunen.



## 6. SAMFUNNSTRYGGLEIK OG BEREDSKAP

Alle kommunar skal ha ein beredskap for å kunne takle hendingar som kan utfordre tryggleiken i samfunnet. Menneskeskapte hendingar og naturkatastrofar både nasjonalt og internasjonalt visar at me har behov for å laga nye system som skal ivareta vår tryggleik lokalt. For å lukkast i beredskapsarbeidet må me gjennomføre heilskapleg og systematisk arbeid med samfunnstryggleik og beredskap.

For å redusere risiko og sårbarheit (ROS), skal arbeid med førebyggande samfunnstryggleik ivaretakast i all planlegging etter plan og bygningsloven. Føremålet er å førebygge tap av liv, helse, miljø og materielle verdiar ved planlegging og utbygging i samfunnet. Mange aktørar er involvert i beredskapsarbeidet, mange kommunale instansar, samt politi, brannvesen, legar og psykisk helseteneste, verksemder der det er samling av menneske (skular, barnehagar, institusjonar m.m.), og verksemder som har farlige stoff/ utslepp som del av produksjonen. Større hendingar og katastrofar kan vere resultat av naturfenomen, men kan også vere menneskeskapte.

Tokke kommune har ei overordna beredskapsplan og risikoanalyse og ein eigen plan for vold i nære relasjoner.

**Tokke skal vere ein kommune som er trygg å bu i og som har oversikt, planar og beredskap til å takle samfunnstrugande hendingar**

*Strategiar/ tiltak:*

- Tokke kommune skal ha oppdaterte og tilgjengelege beredskaps- og kriseplanar.
- Tokke kommune skal ha tett kontakt med aktuelle verksemder og aktørar i beredskapsarbeidet.

## 7. TOKKE KOMMUNE SOM ARBEIDSGJEVAR

Tokke kommune har omlag 250 årsverk som utgjer den kommunale organisasjonen. Det er viktig for kommunen å jobbe kontinuerleg med endringar for å kunne nytte ressursane på ein best mogleg måte. Det er viktig å oppretthalde og utvikle ein god kvalitet på tenestane. Kravet til reduserte driftsutgifter for å oppnå måla i økonomiplanen, gjer det naudsynt å redusere talet på tilsette over tid. Dette kan vere utfordrande for organisasjonen og fører til diskusjonar om tenestenivå, servicenivå, oppgåvefordeling og strukturendringar.

**Tokke er ein kommune med godt samarbeid og god rolleforståing mellom politikk og administrasjon, som endrar seg når det er naudsynt for å nå politisk vedtekne mål om tenester til innbyggjarane.**

*Strategiar/ tiltak:*

- Tokke kommune rekrutterar, utviklar og arbeider for å ha god kompetanse i organisasjonen.
- Tokke kommune har fokus på leiing og styring, tek tak i utfordringar, følgjer linjeveg og løyser problem på lågast mogleg nivå.
- Tokke kommune vektlegg kompetanseutvikling i endringsleiing for leiarar.
- Tokke kommune har eit godt internt samarbeid mellom leiing, tillitsvalte og verneombod for å gjennomføre endringar på ein god måte, etter gjeldande retningsliner.
- Tokke kommune skal vere ein ettertrakta arbeidsplass og ein arbeidsgjevar som kan tilby utfordrande og interessante arbeidsoppgåver i eit godt arbeidsmiljø.



FOTO: LUKE TENNANT

## 8. REGIONALT OG INTERKOMMUNALT SAMARBEID

Tokke kommune har gjennom fleire år hatt eit tett og godt samarbeid med våre nabokommunar i Vest - Telemark og regionen. Vest-Telemarkrådet er regionalt samarbeidsorgan for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje. Rådet løyser felles spørsmål for dei deltagande kommunane, og står som koordinator for ei rekke samarbeidstiltak i regionen. Vest-Telemarkrådet har ei viktig rolle innan kontakt og samarbeid med stat, fylkeskommune, regionråd og andre organisasjonar.

Vest-Telemarkrådet har gjennom åra utvikla seg til å bli eit viktig distriktpolitisk samarbeidsorgan for kommunane i Vest-Telemark. Organet har ei sentral rolle i arbeidet med å legge til rette for interkommunalt samarbeid og finne felles løysingar som gjev betre tenester til innbyggjarane. Eit godt samspel mellom kommunane er heile tida avgjerande for god måloppnåing.

Me har over tid sett ei aukande sentralisering og overføring av ressursar frå distrikt til sentrale strok. I tida som kjem vil ein difor meir enn nokon gong trenge gode samarbeidsorgan og sterke talspersonar som kan ivareta regionens interesser.

Tokke kommunes samarbeid med fylkeskommunen og partnerskapsavtale er viktig for utvikling av kommunen. Det samarbeidast regionalt om prosjekt knytt til mellom anna utdanning, kultur, folkehelse, reiseliv og stadutvikling.

Det regionale samarbeidet er styrka gjennom dette samarbeidet, og det vil vere viktig å vidareutvikle samarbeidet om gode prosjekt. Samtidig byr den geografiske lokaliseringa av kommunane på nokon utfordringar, og endringar som følgje av forvaltningsreforma og ny regioninndeling kan ha verknad for korleis samarbeidet blir organisatorisk og geografisk på lengre sikt.

### *Strategi/Tiltak:*

- Tokke kommune skal synleggjere seg som ein sentral kommune i høve lokalisering av næring og som ein attraktiv og sentral plass å busetje seg med tanke på kort veg til arbeidsmarknaden i Vest-Telemark regionen.